

01.01.2021

# Godt barnehagemiljø.

Handlingsrutinar mot mobbing.



## Innhold:

Innleiing.....	s. 2
Kva er mobbing i barnehagen?.....	s. 3
Handlingsplan for førebygging og tiltak mot mobbing i barnehagane.....	s. 4
Sosial kompetanse.....	s. 5
Leiken er den viktigaste arenaen for trivsel og vennskap.....	s. 5
Kommunikasjon i barnehagen.....	s. 6
Det er dei vaksne som har ansvaret.....	s. 7
Vaksne skal vera gode rollemodellar i barnehagen.....	s. 8
Dersom vaksne mobbar eller opptrer krenkande.....	s. 9
Teori og metodikk .....	s.10
Foreldresamarbeid.....	s.12
Ressursbank.....	s.13
<ul style="list-style-type: none"><li>         1. Tiltaksplan s.14</li><li>         2. Referatmal frå møter s.15</li><li>         3. Kvifor observasjon, -observasjonsverktøy s.16-19</li><li>         4 .Karteggingsmetode av vennskap / relasjonar, «Bussen» s.20-22</li><li>         5. «Alle med» kartlegging av sosial kompetanse. Eige skjema.</li><li>         6. Problemløysing med barna s.23</li><li>         7. <a href="https://dialogmodellen.no/">https://dialogmodellen.no/</a></li><li>         8. Samtaleguide til Barnesamtalar s.24-25</li><li>         9. foreldresamtalar s.26</li><li>         10. kollegasamtalar s. 27</li><li>         11. Sjekkliste for psykososialt barnehagemiljø s.28</li><li>         12. Refleksjonsspørsmål for tilsette, arbeidsmåtar og relasjonar til barna. s.29</li><li>         13. Temaarbeid med fokus på vennskap s.30-31</li><li>         14. Forslag til litteraturliste for barnebøker s.32</li><li>         15. Forslag til songar s.33</li><li>         16. Andre tilgjengelege ressursar s.33</li></ul>	

## Innleiing

I barnehagelova står det at «Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt og anerkjenne barndommen sin eigenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i leik og læring, og være utfordrende og trygg stad for fellesskap og vennskap. (Barnehagelova §1 Formål).

**Ny paragraf i barnehagelova vart innført frå 01.01.2021**

**§ 42. Plikt til å sikre at barnehagebarna har et trygt og godt psykososialt barnehagemiljø (aktivitetsplikt)**

*Alle som arbeider i barnehagen, skal følge med på hvordan barna i barnehagen har det.*

*Alle som arbeider i barnehagen, skal melde fra til barnehagens styrer dersom de får mistanke om eller kjennskap til at et barn ikke har et trygt og godt barnehagemiljø. Styreren skal melde fra til barnehageeieren i alvorlige tilfeller.*

*Ved mistanke om eller kjennskap til at et barn ikke har et trygt og godt barnehagemiljø, skal barnehagen snarest undersøke saken.*

*Når et barn eller foreldrene sier at barnet ikke har et trygt og godt barnehagemiljø, skal barnehagen undersøke saken og så langt det finnes egnede tiltak, sørge for at barnet får et trygt og godt barnehagemiljø. Det samme gjelder når en undersøkelse som barnehagen selv har satt i gang, viser at et barn ikke har et trygt og godt barnehagemiljø. Tiltakene skal velges på grunnlag av en konkret og faglig vurdering.*

*Barnehagen skal lage en skriftlig plan når det skal gjøres tiltak i en sak. I planen skal det stå*

- a) hvilke problemer tiltakene skal løse
- b) hvilke tiltak barnehagen har planlagt
- c) Når tiltakene skal gjennomføres
- d) hvem som skal gjennomføre tiltakene
- e) når tiltakene skal evalueres.

0 *Tilføyd ved lov [19 juni 2020 nr. 91](#) (ikr. 1 jan 2021 iflg. [res. 11 des 2020 nr. 2710](#)).*

Barnehagen skal fremja demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.

Rammeplan for barnehage peikar på at i barnehagen skal barna få oppleve seg sjølv som verdifull, få venner, og bidra til sosialt fellesskap.

I følge FN sin Barnekonvensjon, har barn og unge rett til utvikling, medverknad, ikkje diskriminering, omsorg, vern og sjølvrealisering. Alle barn og unge har rett til eit oppvekst- og læringsmiljø utan mobbing. Mobbing svekker desse rettane.

Dei siste åra har det våre fokus på mobbing i barnehagar. Bruk av ordet «mobbing» i høve til barn under skulepliktig alder har møtt motstand, men er no eit innarbeida omgrep i barnehagesektoren. Forskinsrapporten «Hele barnet-hele løpet» (2015) fastslår at mobbing føregår i barnehagen. Samtidig viser det seg at barn som blir mobba og uteslengd frå leik opplever lite støtte frå dei vaksne i barnehagen.

## Kva er mobbing i barnehagen?

Omgrepet mobbing blir definert på ulike måtar. I følgje utdanningsdirektoratet(2016) dreier den generelle debatten seg om innhaldet i omgrepene mobbing. Me vel å nytta følgjande definisjon:

«*Mobbing av barn i barnehagen er handlinger fra voksne og/eller andre barn som krenker barnets opplevelse av å høre til og være en betydningsfull person for fellesskapet.*» (Lund, 2015)

Med krenking meiner me ord eller handlingar utført av barn eller voksne, som blir opplevd som negative eller sårande av andre. Krenkande åtferd er uavhengig av intensjonen bak.

Mobbing blant små barn kan ein førebyggje og oppdage ved at voksne er merksame og lydhøye på det enkelte barn sin tryggleik, trivsel og samspel i barnegruppa.

- Mobbing/ utesetning kan skje både synleg og usynleg.
- Dei negative handlingane kan komme frå både enkeltpersonar og / eller frå ei gruppe.
- Den som blir mobba og utesettend, opplever seg underlegen og har vanskeleg for å forsvere seg , det er ubalanse i maktforholdet.

«*Barnehagens indre kultur, relasjoner mellom mennesker og holdninger, påvirker barnehagens læringsmiljø. Det gjør også forventningene som stilles til barn i barnehagen. Barn som blir mobbet og som mobber andre må derfor sees i forhold til de relasjonene og den sammenhengen de befinner seg i*» (Lund, 2015).

Nytt lovverk med nulltoleranse mot mobbing og aktivitetsplikt vil kunne føre til at det blir færre som mobbar og blir mobba. Barnehagen skal arbeide med å førebyggje mobbing ved å arbeide med å fremme eit godt psykososialt læringsmiljø. Personale skal arbeide systematisk med sosial kompetanse, vennskap, inkluderande fellesskap og anerkjennende kommunikasjon. Alle tilsette skal kunne sjå kjenneteikn på ulike former for mobbing og setje i verk nødvendige tiltak. Rutine for førebygging av mobbing skal være kjent for alle tilsette. Der mobbing oppstår skal tiltaksplan setjast i verk.



# Handlingsplan for førebygging og tiltak mot mobbing i barnehagane

Handlingsplanen skal gi kunnskap om mobbing og fokusere på førebyggjande arbeid i barnehagen. Planen skal bidra til at mobbing blir avdekket, og sikre at barnehagen har rutinar på plass for handtering av mobbesaker. Planen inneheld rutinar og verktøy for vidare arbeid i barnehagen. Når mobbing oppstår, skal tiltak tilpassast den enkelte mobbesak.

Vårt samfunnsmandat er verdiskaping i form av å få barn til å vekse, og bli den beste utgåva av seg sjølv. Kvar enkelt barn skal oppleve seg som verdifull, respektert, og anerkjent av andre barn og vaksne.

Mobbing påverkar barnet si oppleving av seg sjølv og av andre og relasjonar til andre. Leikande læring, samspel og mestring i inkluderande fellesskap, skal gi barna høve til positiv utvikling.

Handlingsplanen skal vera eit levande dokument. Det er leiinga i barnehagen som er ansvarleg for å syte for kontinuerleg, systematisk og planmessig arbeid med å skape eit godt og inkluderande miljø for alle barn.

Mobbing i barnehagen er i stor grad relatert til utestenging frå leik. Lund, mfl. (2015) syner i sin rapport til at barn som blir utestengd frå leik, gjerne er barn som manglar leikekompetanse, barn med dårlig språk, og barn som blir oversett og negativt definert av tilsette i barnehagar. **Fokus på leik, språk og relasjonar er dermed noko av det viktigaste man kan arbeida med i barnehagen for å førebygge mobbing.**



## Sosial kompetanse

«*Kunnskap og kompetanse, dugleik og holdninger utvikles i samspill med andre, i sosiale, meningsfulle felleskap hvor barn har mulighet til å uttrykke seg. Leken er barns grunnleggende læringsform og skal ha en fremtredende plass i barnehagen.*» (Meld. St. 19 (2015-2016) Tid for lek og læring s.7) Rammeplanen tydeleggjer sosial kompetanse som ein omfattande og svært viktig del av barnehagen sitt innhald og oppgåver.

Fokus på utvikling av evne til omsorg, empati, forståing og toleranse er viktig sidan dette grunnlaget blir danna i barneåra. Dei vaksne skal rettleie barna og lære dei gode mestringsstrategiar. Barn treng støttande vaksne som hjelper dei med å regulere og korrigere åtferd og det å sette ord på kjensler.

## Leiken er den viktigaste arenaen for trivsel og vennskap

«*Vennskap bidrar til en følelse av deltagelse og fellesskap som igjen bidrar til positiv selvfølelse. Å tilhøre en gruppe gir barn trygghet og sosial tilknytning. Opplevelser sammen med andre barn kan være veien inn i nye vennskap. Å etablere vennskap og opprettholde dem er en viktig faktor i sosialiseringss prosessen og en forebyggende faktor mot uheldig og negativ utvikling.*» (Utdanningsdirektoratet, 2012)

*Barnehagen skal vareta barnas behov for leik: Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen, og eigenverdien til leiken skal anerkjennast. Barnehagen skal gje gode vilkår for leik, vennskap og barna sin eigen kultur. Leiken skal vere ein arena for utvikling og læring og for sosial og språkleg samhandling. Barnehagen skal inspirera til og gje rom for ulike typar leik både ute og inne. Barnehagen skal bidra til at alle barn kan oppleve glede, humor, spenning og engasjement gjennom leik – åleine og saman med andre.*

*Personalet skal:*

- *organisera rom, tid og leikemateriale for å inspirere til ulike typar leik*
- *bidra til at barna får felles erfaringar som grunnlag for leik og legge til rette for utvikling leiketema*
- *fremje eit inkluderande miljø der alle barna kan delta i leik og erfare glede i leik*
- *observere, analysere, støtte, delta i og gjere leiken meir verdifull på barna sine premissar*
- *rettleie barna dersom leiken medfører uheldige samspelsmønster.*
- *vere bevisste på og vurdere si eiga rolle og deltaking i leiken*
- *ta initiativ til leik og aktivt bidra til at alle kjem inn i leiken*

Henta frå: ( Rammeplan for barnehagen 2020)



## Kommunikasjon i barnehagen

Kommunikasjon skjer verbalt og gjennom kroppsspråk . Dei yngste barnehagebarna og barn som ikkje har eit godt verbalt språk, kommuniserer og forstår mykje gjennom aktiv bruk av kroppsspråk og mimikk. Vaksne i barnehagen må være gode i å lese og tolke barna sine ulike signal og utrykk og anerkjenne barna sine kjensler, slik at me unngår krenking av barna.

*«Å bli møtt med forståelse når en uttrykker egne intensjoner, enten verbalt eller med kroppsspråk, er en viktig forutsetning for individuellselfølelse, mentale helse og samsamhandling med andre.» (Udir, 2012).*

Mangelfull evne til kommunikasjon kan føre til konfliktar. Å jobbe aktivt og systematisk med språk i barnehagen, er difor førebyggjande for å unngå åtferdsvanskar og utesetjing, og konfliktfylte relasjoner. Godt språk er grunnlag for å betre kunne «snakke for seg», handtere konfliktar og er ein viktig inngang for å bli ein attraktiv leikepartnar.

Barna kommuniserer og fortel gjennom handlingsmåtar. Det er viktig å analysere og finne årsak til åtferd og handlingar, og kva som påverkar eller opprettheld uønskt åtferd. Barnehagen må. Barnehagen må være tett på og sette inn tiltak tidleg. Ved tendensar til mobbing må ein vurdere tiltaka nøyde og ivareta både den/ dei som mobbar og den/dei som blir mobba.

Aktive, deltagande vaksne som synleggjer alle barn og deira sterke sider er grunnmuren i det førebyggjande arbeidet mot mobbing. Vaksne som er positive og framsnakkar enkeltbarn og løftar det fram, fremjar barn sin status i gruppa. Dei vaksne kommuniserer: Alle er ulike og mangfald er positivt. Alle er gode i noko, men ingen er gode i alt.

Tid til gode samtalar, fokus på dialog og språkstimulering i kvardag situasjonar der ein prøver å få involvert alle barna, bidrar til at barna føler seg sett og inkludert.

## Det er dei vaksne som har ansvaret

«*Arbeid mot mobbing handler først og fremst om den tydelige vaksne med et varmt hjerte og et klart hode.*» (Lund, 2015).

Det er alltid dei vaksne som har ansvaret for relasjonane i barnehagen. Dei er ansvarlege for at alle barn opplever at dei er viktige, at dei blir sett og hørt og at dei blir inkludert i leik/dannar vennskap. Alle tilsette har plikt til å oppdage, reagere og stoppe mobbing mellom barn og når vaksne mobbar barn.



Rammeplanen fastslår at personalet skal

- ⊕ Støtte barna i å setje eigne grenser, respektere andre sine grenser og finne løysingar i konfliktsituasjonar
- ⊕ Førebyggje, stoppe og følgje opp diskriminering, utestenging, mobbing, krenkingar, og uheldige samspelmönster

Barn er avhengige av å ha vaksne som er kopla på og merksame. Refleksjon, planlegging og organisering av barnehagedagen og vaksentettleik er viktig.

«*Det er alltid voksnas ansvar å ta mobbing på alvor, gi støtte og veiledning slik at barn opplever tilhørighet og får være en del av leken og fellesskapet*» (Lund, 2015).

Små barn som syner mobbe åtferd, har auka risiko for å fortsette med det vidare i livet. Personalet i barnehagen har ansvar for å rettleie barn inn på gode spor. Dei vaksne sine haldningar til mobbing har svært stor betyding.

Dei vaksne skal støtte og styrke barna som blir utsett for mobbing, men dei skal også ivareta barna som mobbar og utfører negative handlingar. Desse barna må også bli inkludert og hjelpast inn i fellesskapet på lik linje med andre. Det er dei vaksne som har ansvar for at mobbing ikkje fører til utestenging og stigmatisering av barn som har utført dei negative handlingane.

Vaksne som deltek aktivt i barna sin leik og kvardag, får innsikt i kvart enkeltbarn behov og ressursar og barnegruppas dynamikk. Fokuset blir då flytta frå å være kontrollerande til å bli ein observerande deltakar. Mobbing i barnehagen blir stoppa av aktivt deltagande og reflekterande vaksne som er til stades, og grip inn der det er nødvendig.

## Vaksne skal vera gode rollemodellar i barnehagen

Dei vaksne har ansvar for å skape ein trygg og god arena for leik og læring i barnehagen, der det er lov å prøve og feile utan å bli stempla, stigmatisert eller på andre måtar bli behandla dårlig.

Grunnleggande verdiar i barnehagen er omsorg, fellesskap, medansvar, solidaritet, toleranse, likeverd og retten til å være forskjellige.

Som gode rollemodellar har alle vaksne ansvar for å etterleve og formidle barnehagens sitt verdigrunnlag

Dei vaksne har ansvar for å skape ein trygg og god arena for leik og læring

Barn leikar fordi dei treng, vil og ynskjer å leika. Barn, lærer, dei snakkar saman, dei dannar vennskap / relasjonar og oppdagar verden og arbeider med opplevelingar gjennom leik. Barn får ei forståing for eigne og andre sine kjensler og ei forståing for grenser for kva som er rett og gale.



Å ha nokon å leike med er i følgje barna sjølv det viktigaste i barnehagen. Når barn leikar, uttrykker dei seg og testar ut eigen erfaringsverd. Samspel med andre i leik, skapar fellesskap og tilhøyrslle.

Vaksne må vise respekt for leiken sin eigenverdi. Vaksne som er observante og anerkjennande til barn og barna sine leikesignal, møter barna på deira premissar.

Aktive vaksne som peilar seg inn på barna sine interesser og opnar for dialog, gir rom for at barna kan medverke i eigen kvardag. Dei vaksne må by på seg sjølv og ha det moro saman med barna.

### Mål for vaksenrolla i leik


- ⊕ Å være til stades i barna sin leik.
- ⊕ Å være tilgjengeleg i leiken, delta ved behov.
- ⊕ Å rettleie i leik.
- ⊕ Å legge til rette for leikegrupper / vennskap.
- ⊕ Å observere barna sin leik.
- ⊕ Passe på at alle barn blir inkludert i leik.

## Autoritativ vaksenstil som pedagogisk verktøy.

«Den autoritative voksenstilen innebærer en kombinasjon mellom innlevelse fra varme voksne og tydelige grenser som den beste tilnærmingen pedagoger og ansatte i barnehager og skoler kan ha i møte med barn. «autoritativ er hentet fra Baumrinds forskning knyttet til ulike foreldrestiler»

Ett kjennetegn for i denne måten å arbeide på er at relasjonen mellom barnet og den voksne er grunnsteinen for alt annet arbeid.» ( Ingunn Størksen 2014).

Barn med gode relasjoner til dei vaksne, vil være meir mottakelege for tydlege grenser frå aktive vaksne.



## Dersom voksne mobbar eller opptrer krenkande

Vaksne sine haldningar, kunnskap og evne til å møte og forstå barn har stor betydning. Barnet si oppleving av korleis det blir møtt, sett og respektert av sine omgivnader har betydning,- både i ein her og no situasjon og i eit framtidsperspektiv.

Vaksne kan og gjennom sine væremåtar bidra til mobbing. Kunnskap og refleksjon rundt eigen væremåte og ansvarleg rollemodell er spesielt viktig. Barn kan oppleve hendingar med

forskjellsbehandling i måten den vaksne møter dei på, snakkar med dei og inkluderer dei i aktivitetar. Barn skjønar fort når nokon blir føretrekt framfor andre. Bruk av stigmatiserande ord / tale, kallenamn elle kalle barn dumme ting, er eksempel på verbal mobbing. Bruk av ironi og latterleggjering skadar barnet sitt sjølvbilde og kan gjera barnehagedagen utriveleg og uthygg for den enkelte. Det kan og være svært destruktivt for heile miljøet i barnegruppa.

Måten me vel å snakke med og til barn på, har difor stor verknad på korleis dei oppfattar seg sjølv i samspelet med omgjevnaden sin. Desse erfaringane tek dei med seg og brukar i den vidare utforminga av sjølvbilde sitt.

*«Barn ser, hører og legger merke til mer enn voksne av og til regner med. Personalet må derfor være spesielt bevisst på hva de sier, og hvordan de snakker til hverandre og sammen når barn er i nærheten. Gode rollemodeller snakker ikke nedsettende til eller om andre, hverken barn, foreldre eller kollegaer. De praktiserer empatiske væremåter»*

(Utdanningsdirektoratet, 2012).

## Teori og metodikk

DUÅ – Dei utrulege åra, er en av de best dokumenterte programseriene i Norge for å hjelpe barn med atferds- og sosiale vansker og deres familier. DUÅ er en nasjonal satsing fra og har som mål å fremme barns psykiske helse ved å trygge foreldrene i foreldrerollen, styrke barns sosiale-, emosjonelle- og problemløsningsferdigheter, og å forebygge og behandle atferdsvansker.<http://tidliginnsats.forebygging.no/Aktuelle-innsater/De-utrolige-arene-DUA/>



DUÅ er utviklet av professor emeritus Carolyn Webster-Stratton, University of Washington, Seattle.

Eit **viktig** prinsipp i DUÅ er å fokusera på relasjonane og den gode samhandlinga mellom barn, og mellom barn og vaksne. DUÅ er basert på moderne utviklingspsykologi, hjernehforsking, tilknytings- og relasjonsteori, åtferdsanalyse, sosial læringsteori og kunnskap om gruppeprosesser.

DUÅ har fokus på at foreldre, barn og tilsette i barnehage skal utvikla grunnleggjande ferdigheter i god samhandling. Leik og positivt samvær er ein beskyttande faktor for eit barn. Difor har DUÅ fokus på å fremma leik og positivt samvær.

**Problemløysingsstrategien ICPS** (Interpersonal Communication Problem Solving) er ein metode som består av fem trinn. Denne metoden passar for barn frå 3 år og oppover.

Trinn 1: Klargjøring av problemet

Trinn 2: Forslag til løysning

Trinn 3: Vurdere løysningsforsлага

Trinn 4: Val av løysning

Trinn 5: Evaluering

Den vaksne si oppgåve ved bruk av denne metoden er å være møteleiar/intervjuar. Ein skal ikkje løyse konflikten for barna, men oppmoda barna til sjølv å finne ei løysing som alle partar kan akseptere. Det er viktig at dei vaksne prøver og vera nøytrale i høvet til problemet, dei skal ikkje fordele skuld.

Når ein skal kartlegge situasjonen (trinn 1) er det viktig å bruke spørjeord som: Kva er det som har skjedd? Korleis skjedde det? Kven var der? Osv. Ein skal unngå å bruke spørjeordet kvifor. Nyttar ein kvifor; kan barna lett bli opptekne av å bortforklare situasjonen. Vidare er det viktig å la alle partar komme til orde. Alle skal bli høyrt, og det er de vaksne sitt ansvar å hjelpe dei barna som har problem med å forklare seg. Barna må vente på tur, den som snakkar skal ikkje bli avbroten.

Når barna skal kome med forslag til løysing (trinn 2,3,4) er det igjen viktig at alle partar får høve til å seie noko. Viss ikkje, er det lett for at løysinga vert urettvis. Den endelige løysinga skal vera ei fellesløysing som alle er einige i.

Dei vaksne må følge opp barna i etterkant (trinn 5,) for å forsikre seg om at løysinga fungerer, viss den ikkje gjer det, må dei saman med barna finne ein annen utveg.

Nyare pedagogisk og psykologisk kunnskap syner at ingen utviklar seg i eit vakuum, men at det sosiokulturelle miljøet spelar ei avgjerande rolle. Dette handlar om yrkesetikk. Me kan ikkje legge ansvaret på andre enn oss sjølv

Anerkjenning er ei haldning, ikkje ein teknikk. Anerkjenning er ikkje noko ein kan "skru på" mellom klokken 8 og klokken 16, eller når det er samlingsstund i barnehagen. Det er ein væremåte som må gjennomsyre alt du gjer. Det betyr å rette merksemda mot andre sine opplevingar gjennom innleving og forsøkja og forstå. Det gjeld å legge vekt på non verbale signal i tillegg til det verbale i kommunikasjonen. Og det gjelder å aldri slutte å reflektere over si eiga åtferd og sine eigne haldningar.

Barna må bli kjent med og lære sosiale normer og regler som kjenneteiknar fellesskapet dei er en del av. De må få øve på: Å dele, vente på tur, ta initiativ, regulere kjensler og reaksjonar, vise omsorg og empati, sette grenser.

## Foreldresamarbeid

*«Samarbeidet mellom heimen og barnehagen skal alltid ha barnets beste som mål. Foreldra og barnehagepersonalet har eit felles ansvar for at barnet skal trivast og utvikla seg»*  
(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 29).



Barnehagen ynskjer eit godt og nært samarbeid og ein god dialog med føresette prega av likeverd. Dersom barnehagen får mistanke om at eit barn blir ekskludert eller opplever mobbing, skal foreldra involverast. Det er også viktig at foreldra meldar frå til barnehagen dersom dei opplever liknande.

Dersom forelda mistenkjer eller kjenner til mistrivnad eller mobbing i barnehagen oppmodar me foreldra til å ta kontakt og informera pedagogisk leiar eller styrar.

Barnehagen i samarbeid med heimen har eit felles ansvar for å førebyggja mobbing. Det skal vera låg terskel for å melda frå til barnehagen dersom foreldra opplever endra åtferd eller mistrivnad hos det enkelte barnet.

Dette kan foreldra forvente frå barnehagen:

- Me informerer foreldra om korleis me arbeidar med førebygging av mobbing.
- Mobbing og vennskap blir tatt opp i foreldresamtalane.
- Foreldra blir møtt og tatt på alvor dersom dei meldar frå om mobbing.
- Barnehagen tar kontakt dersom barnet sin adferd vekker bekymring.
- Barnehagen setter inn tiltak dersom mobbing avdekkast, og det blir skreve referat frå møter.

Dette forventar barnehagen frå foreldra:

- Foreldra kontaktar pedagogisk leiar/styrar og ber om ein samtale for å snakka om bekymringane sine.
- Foreldra meldar frå om dei opplever at andre barn blir mobba/krenka.
- Foreldra er varsame med kva som blir sagt medan barna høyrar på. Foreldra er også viktige rollemodeller.
- Foreldra snakkar positivt om barnehagen heime, også i høve til personalet, dei andre barna, og deira foreldre.

## Ressursbank:

- 1. Tiltaksplan s.14
- 2. Referatmal frå møter s.15
- 3. Kvifor observasjon, -observasjonsverktøy s.16-19
- 4 .Karteggingsmetode av vennskap / relasjonar, «Bussen» s.20-22
- 5. «Alle med» kartlegging av sosial kompetanse. Eige skjema.
- 6. Problemløysing med barna s.23
- 7. <https://dialogmodellen.no/>
- 8. Samtaleguide til barnesamtalar s.24-25
- 9. foreldresamtalar s.26
- 10. kollegasamtalar s.27
- 11. Sjekkliste for psykososialt barnehagemiljø s.28
- 12. Refleksjonsspørsmål for tilsette, arbeidsmåtar og relasjonar til barna. s.29
- 13. Temaarbeid med fokus på vennskap s.30-31
- 14. Forslag til litteraturliste for barnebøker s.32
- 15. Forslag til songar s.33
- 16. Andre tilgjengelege ressursar s.33

## 1. Tiltaksplan

Tiltak	Ansvar	Utført Sign.dato
Når mobbing vert oppdaga, skal pedagogisk leiar og styrar få melding om dette. Den/dei som har observert at mobbing må skildre konkrete situasjonar.	Alle som oppdagar mobbing.	
Alle tilsette på avdelinga skal informerast. Vurder om det er andre avdelingar som treng å få vite om situasjonen.	Pedagogisk leiar. Styrar har overordna ansvar.	
Personalet undersøkjer kva som er årsak til dei uønska hendingane, og prøver å finne ut og forstå kva som skjer i relasjonen.	Pedagogisk leiar.	
Tiltak vert sett i gang etter undersøking og refleksjon rundt kva som er årsak. Tiltaksplan skal lagast for både den som blir mobba og den/dei som mobbar.	Pedagogisk leiar	
<b>Føresette:</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Informere føresette.</li> <li>• Føresette til den som blir mobba og til den / dei som mobbar blir inkalla til dialogmøte der dei blir informert og teke med på råd.</li> <li>• Når føresette tek kontakt der dei opplever at barn ikkje har det bra, blir dei møtt med forståing og anerkjenning. Dei blir kalla inn på dialogmøte.</li> <li>• Fokuset er å stoppe og endre negative samhandlingsmønster. Ikkje å fordele skuld.</li> </ul>	Pedagogisk leiar. Styrar har overordna ansvar.	
Vurdere om det er trøng for bistand frå andre.	Pedagogisk leiar / styrar	
<b>Borna:</b> Samtalar med borna om det som skjer/har skjedd. Prøve å få barna med på det å finne løysningar.	Pedagogisk leiar	
Evaluering Evaluere og sjekke ut om tiltaka har effekt. Etter 1mnd 3mnd 3mnd evaluere om det er trøng for vidare oppfølging	Pedagogisk leiar og føresette Styrar	

## 2. Referatmal frå møte

### REFERAT FRÅ MØTE, DERSOM MOBBING FØREKJEM I BARNEHAGEN

Dato:	
Tid:	
Til stades:	
Referent:	

**Skjemaet skal oppevarast i mappe og deretter arkiverast i websak.**

Skildring av saka	Tiltak	Ansvar for tiltak:
	Dato frå til:	
<b>Dato for evaluering av tiltak:</b>		

Underskrift tilsett	Underskrift tilsett
Underskrift føresett	Underskrift føresett



### 3. Kvifor observasjon?

Rammeplanen seier at: «*kunnskap om trivselen og den allsidige utviklinga i barnegruppa og blant enkeltbarn er viktig for å gje alle barn eit tilrettelagt tilbod i tråd med barnehagelova og rammeplanen. Trivselen og den allsidige utviklinga til barnet skal difor observerast og vurderast fortløpende, med utgangspunkt i dei individuelle føresetnadane til barnet og kunnskap om barns utvikling og behov. Erfaringane og synspunkta til barnet skal inngå i vurderingsgrunnlaget.»*

- ⊕ Viktig for å sjå heilskapen i samspel mellom borna.
- ⊕ Situasjonar som ser ut som kommunikasjon, samspel og leik, treng ikkje å være gjensidig og balansert.
- ⊕ For å få kjennskap til om det dreier seg om mobbing, eingongshendingar eller konfliktar, må me skaffe oss eit breitt og oversiktleg bilet.
- ⊕ Bruk av observasjon kan gje systematisk oversikt om:
  - ✓ Kven vel å vera saman?
  - ✓ Er det barn som ofte blir ståande utanfor?
  - ✓ Kva situasjonar er spesielt sårbare for utestenging? Kva arenaer er gode for å stimulere til samspel?
  - ✓ Kva borna seier og gjer i samspel med kvarandre når dei er saman.
  - ✓ Om eit sosialt samspel fungerer godt/dårleg.
- ⊕ Gjennom observasjon får dei vaksne ein innsikt som er nødvendig for å kunna støtte opp om barns utvikling. Det er viktig å tilretteleggje det fysiske miljøet, for at det skal bli oversiktleg nok.
- ⊕ For at det skal skje endring, framsteg og utvikling må observasjonar knytast til refleksjon og diskusjon.

## Forarbeid:

- Kva ønskjer me å finne ut?
  - Kven skal observerast?
  - Kven skal foreta observasjonane?
  - Kva skal det vera fokus på i samhandlinga, skal nokon situasjonar leggjast til rette?
  - Tid og stad?
  - Korleis skal observasjonen dokumenterast? ( t.d. logg, video, barnesamtale osb.)
  - Refleksjonsarbeid og diskusjon om observasjonen, som kan føra til endring, framsteg og utvikling.

## Plan for observasjon.

### Observasjonsskjema 1:

Namn:	Fødselsdato:	Observatør:
Dato:	Tid:	Situasjon:
<b>Type kontakt</b>		
Tar positiv kontakt, får positiv respons (verbalt)		
Tar kontakt, får negativ respons (verbalt)		
Får ein positiv henvending		
Får ein negativ henvending		
Ignorering av barnets sitt initiativ		
Tek negativ kontakt (fysisk)		
Tek negativ kontakt (verbalt)		
Gje ordre		
Forstyrrar leiken		
Avbryt		
Seier noko positivt til andre		
Tek kontakt med vaksne		
Skifter leik		
Ignorerer vaksne		

Signatur:

**Observasjonsskjema 3:**

Dato:	Tid:
Situasjon:	Sign:

Kva skjer:

#### 4. «Bussen» - Kartleggingsmetode av vennskap/relasjonar



## **Observasjonsskjema 1 : BUSSEN**

Hjelpebidrar: Ein buss og bileter av borna. Bussen skal ha 4 vindauge.

Du ber barna velje 4 barn som skal vera med på bussen. Dei brukar bilete. På småbarn kan ein observera kven borna trekkjer mot, viss dei ikkje klarer å velje. Skriv namna til alle barna både loddrett og vassrett. Merk av vassrett dei fire barna som vart valt (sjå døme)

Eit døme:

Namn	Kari	Anne	Per	Jan	Ole	Tina	Gerd	Marcus	Kine	Jacob	Pål	Trine	Jon	Synne	Johan	Tor	
Kari	X					X	X			X		X					
Anne		X				X				X	X				X		
Per			X	X				X								X	
Jan			X	X							X		X			X	
Ole			X		X	X		X						X			
Tina	X						X	X		X			X				
Gerd	X			X		X	X							X		X	
Marcus			X		X				X						X		
Kine	X		X			X						X					
Jacob	X		X					X				X					
Pål				X		X									X	X	
Trine				X					X					X		X	
Jon				X					X						X	X	
Synne						X		X	X			X					
Johan						X		X						X		X	
Tor			x		X					X					X		X

## **6. Problemløysing med barna:**

Tenk deg at du ber ein ven leike med deg, og de svarar nei.

- KVA VILLE DU GJORT? /KVA KAN DU SEI

Tenk deg at du vil bli kjend med eit nytt barn i barnehagen?

- KVA VILLE DU GJORT? /KVA KAN DU SEI

Tenk deg at du har lyst å sykle, og ein annan har hatt sykkelen lenge.

- KVA VILLE DU GJORT? /KVA KAN DU SEI

Tenk deg at eit barn i barnehagen ertar deg kvar dag.

- KVA VILLE DU GJORT? /KVA KAN DU SEI

Tenk deg at eit barn slår deg (kanskje barnet er yngre)

- KVA VILLE DU GJORT? /KVA KAN DU SEI

Tenk deg at et anna barn kallar deg baby fordi du leiker med bamsar.

- KVA VILLE DU GJORT? /KVA KAN DU SEI

Tenk deg at et anna barn øydelegg eit tårn du har brukt lang tid på å byggje.

- KVA VILLE DU GJORT? /KVA KAN DU SEI

Tenk deg at du er åleine og har lyst å vera med i leken

- KVA VILLE DU GJORT? /KVA KAN DU SEI

Tenk at du ser eit barn som ikkje får vera med i leiken

- KVA VILLE DU GJORT? /KVA KAN DU SEI

Tenk at du ser eit barn som er lei seg

- KVA VILLE DU GJORT? /KVA KAN DU SEI

Tenk deg at eit barn ikkje klarer hengje opp jakka si.

- KVA VILLE DU GJORT? /KVA KAN DU SEI

## **8. Samtaleguid til foreldresamtalar**

### **DIALOGPRINSIPP**

**Uansett om samtaleten er planlagt eller spontan etter ein situasjon, er det viktig at barnet opplever tillit og tryggleik på at den vaksne vil lytte, ta barnas sine kjensler og opplevingar på alvor.**

- Koble deg på barnet, snakk om det barnet er opptatt av.
- Vær medviten på at du er merksam og til stade.
- Lytt til kva barnet har å sei – ikkje ta over samtaleten.
- Vær roleg og tolmodig og vent litt om barnet ikkje svarar / snakkar med ein gong.
- Anerkjenn barnet sine kjensler, både gode og vanskelege.
- Hjelp barnet til å sette ord på kjenslene.
- Hjelp barnet til å finne ut av kjenslene, finne ordene og korleis kjenslene kjennes ut.
- Knytt barnet si oppleving til situasjonen.
- Stadfest barnet på uttalelsene. Å stadfeste er meir enn å gjenta, det betyr og å være interessert og empatisk til stade.
- Følg barne sine signal og fokus. Avslutt dersom barnet signaliserer ønske om å avslutte.

Den vaksne må ta ansvar for ei god avslutning av samtaleten. Sei til barnet at det er fint at han/ ho fortalte deg det, og at de vaksne skal hjelpe og at de skal følgje opp og snakke saman igjen.

**NOTER NED SVARA UNDERVEGS.**

## Barnesamtalar

### **Hovudmål:**

Å førebygga og oppdaga mobbing i barnehagen. «*Barna skal jamleg få høve til å delta aktivt i planlegginga og vurderinga av barnehageverksemda. Alle barna skal kunne erfare å få påverke det som skjer i barnehagen»* (Rammeplan for barnehagen, s 10.)

### **Problemstilling:**

Barn sine eigne opplevingar av relasjonar, trivnad og samspel i barnehagekvardagen.

Spørsmål:

Eg har lyst til å høyre korleis du har det i barnehagen. Fortel!

1. Kva liker du å gjera på i barnehagen?
2. Korleis har du det i barnehagen?
3. Kva du synes er bra/ikkje er bra.
4. Kven leiker du med i barnehagen?
5. Kven er dine venar i barnehagen?
6. Er det nokon i barnehagen du ikkje vil leika med?
7. Kvifor ikkje?
8. Er det nokon du ynskjer å leika meir med?
9. Ser du nokon som leiker åleine, inne/ute?
10. Kva kan du gjera då?
11. Dersom du ser nokon gjera slemme ting, kva synest du om det?
12. Er der nokon i barnehagen som er flink til å gjera snille, gode ting? Kva gjer dei som er bra?
13. Kven er det som bestemmer mest i leiken?
14. Kva skjer om du ikkje er einig med dei andre? Og kva gjer du då?
15. Korleis syns du at dei vaksne som jobbar i barnehagen skal snakke med barn ?
16. Kva vil du at dei vaksne som jobbar i barnehagen skal gjera?
17. Kva synes du dei vaksne som jobbar i din barnehage ikkje skal gjera?
18. Har du noko du vil fortelja som du synes er viktig

Ekstra spørsmål:

Dersom ein av barna skulle bestemme for alle ein heil dag, kven skulle det vore?

## **9. SAMTALE MED FORELDRE/FØRESETTE**

Finn ein skjerma samtaleplass. Kaffi/te?

- Tenk gjennom på førehand: Skal du gjennomføre samtalen aleine eller ha med ein kollega?
- For å få til ein god dialog, er FOR - dialogens prinsipp ei god rettesnor:
  1. Vær mersamt til stades. Legg vekk mobil og forstyrrende element
  2. Vær open og raus overfor foreldra sine meiningar og verdiar.
  3. Prøv å være fleksibel . Vurder for eksempel om det er mogeleg å endre på tidlegare oppfatningar, meiningar, eventuelt rutinar og «kultur» i barnehagen.  
Prøv å eventuelt å tenke at «dette må me sjå nærmare på»
- Bruk samtaleguiden i [dialogmodellen.no](http://dialogmodellen.no) før planlegging og gjennomføring av samtalen.
- Barnehagen har ansvar for å leie samtalen.
- Du innleiar samtalen med å referere til bakgrunnen for at samtalen kom i stand, enten det var foreldre eller barnehagen sin uro.

**SKRIV REFERAT FRÅ SAMTALEN:**

## 10. KOLLEGASAMTALE

Samtale mellom leiar og kollega eller mellom to kollegaer.

1. *Før samtaLEN*. Les gjennom dialogrettleiing på [dialogmodellen.no](http://dialogmodellen.no)  
Avtal tid som skal brukast, kven som skal delta, kven som leiar møte og sørg for at de kan vera uforstyrra.
2. Klargjer kvifor denne samtalen finn stad. Kven har teke initiativ og rammene for samtalen.
3. *Skildring av hending* som har ført til samtaLEN: Konkrete observasjonar av hendingar er det beste utgangspunktet for at samtaLEN ikkje blir generell.  
Den som blir rettleia får komme med sine historikar om eigne opplevingar av hendinga.
4. Dialog om skilnaden mellom dei ulike opplevingane og hendingane som er presentert.  
Korleis forstå dette? Skile ut det som raskt må endrast og gjerast til tross for gapet.  
Einast om kva det eventuelt skal jobbast med over ein avtalt periode.
5. *Tiltak*. Konkrete tiltak som er mogeleg å evaluere blir avtalt med gitte tidsavgrensingar og klar ansvarsfordeling.



Hugs å skrive referat.

## 11. Sjekkliste for psykososialt barnehagemiljø

SJEKKLISTE 1- Miljøet i barnehagen.

Spørsmål:	Ja - alltid	Ja – oftest	Nei - sjeldan	Nei - aldri
Er miljøet i vår barnehage preget av gjensidig omsorg, anerkjenning, varme og respekt?				
Er samspelet borna imellom prega av likeverd og veksling mellom kven som bestemmer og kven som til ei kvar tid får vera med?				
Er det ei trygg og avslappa tone prega av humor, spontanitet, oppmuntring og glede?				
Vil du beskriva tonen som trygg, oppmuntrande og at ein gler seg over kvarandre si meistring?				
Vil du beskrive samspelet mellom barna som prega av klare sosiale hierark?				
Er nokon barn aleine i leiken? (over tid)				
Hender det at enkeltborn vert ekskludert av over tid?				
Er miljøet prega av prestasjonskrav og konkurrerande holdningar?				

## 12. Refleksjonsspørsmål for tilsette

SJEKKLISTE 2 Dei vaksne si åtferd og relasjon til barna:

Spørsmål	: Ja - alltid	Ja – oftast	Nei – sjeldan	Nei - aldri
Er dei vaksne i vår barnehage anerkjennande og støttande i forhold til barns initiativ?				
Blir alle barna lagt merke til i like stor grad, uavhengig av type personlegdom? (innadvendt /utadvendt)				
Får nokon barn stadig positiv merksemd frå oss vaksne – meir enn andre born?				
Får noen barn stadig negativ merksemd frå oss vaksne – meir enn andre born?				
Kan ein sjå at det har blitt eit ”mønster” i at dei vaksne har lettare for å tru på nokon barns forklaring på konfliktar enn andre i gruppa?				
Er det nokon barn i gruppa som dei vaksne tek meir kontakt med – og finn på fleire aktivitetar med enn andre born?				
Er det nokon barn i gruppa som me vaksne tek lite kontakt med – og sjeldan tek initiativ til aktivitetar med?				
Greier me å involvera alle borna i fellesskapet – t.d samtalens rundt bordet ved måltider?				
Har me vaksne større tålmod med einskilde born i gruppa enn andre, når det gjeld oppfylging/hjelp?				
Blir nokon barn raskare avbroten/avvist av oss vaksne enn andre når dei tek kontakt med oss?				
Er alle vaksne bevisst på at barn ikkje alltid greier å skilje spøk/ironi? ( Vera forsiktig med bruk av ironi saman med born som ikkje forstår dette )				

## **13.Temaarbeid med fokus på vennskap**

### **Tilvenningsfasen**

- Når barnet starter i barnehagen, har dei vaksne gjort avdelingane klare med namn og bilet slike at dei skal kjenne seg velkomen til oss.
- Om mogleg blir dei nye barna møtt av ein primærkontakt som følgjer dei tett den første tida. Tilvenningstida tilpassast det enkelte barn og deira behov.
- Barna får tid og rom til å bli kjend med sine nye leikekameratar og blir inkludert i *barnefellesskapet* innanfor trygge rammer.
- Vakseen styrt aktivitet med kontinuerleg fokus på vennskap og inkludering.
- God og tett dialog med føresette med fokus på barnet sitt beste.

*«Barnehagen skal i samarbeid med foreldra legge til rette for at barnet kan få ein trygg og god start i barnehagen. Barnehagen skal tilpasse rutinar og organisere tid og rom slik at barnet får tid til å bli kjent, etablere relasjonar og knyte seg til personalet og til andre barn. Når barnet begynner i barnehagen, skal personalet sørge for tett oppfølging den første tida, slik at barnet kan oppleve tilhøyrssle og føle at det er trygt å leike, utforske og lære.»*

(Rammeplanen for barnehagen, s.33)

### **Temaarbeid med fokus på vennskap**

- Fokus på kjensler og ansiktsuttrykk. Undra seg saman med barna om kva som gjer ein glad, sint, lei eller redd.
- Bruk av store bilet-kort med illustrasjonar frå ulike kvardagssituasjonar som barna kan kjenna seg igjen i. Dette kan vera situasjonar som omhandlar mobbing, vennskap og fellesskap. (ElleMelle-filosofi for dei minste, pedagogisk forum AS)
- Bruk av Kari Lamer «du, og eg og vi to». Dette er eit rammeprogram for å fremme barna sin sosiale kompetanse. Dette omhandlar:
  - Empati og rolletaking – setja seg inn i andre sine tankar og kjensler.
  - Prosociale haldningar og handlingar – Verdiar i fellesskapet som å hjelpa, oppmuntra og kunna dela med andre.
  - Sjølvkontroll – Inngå kompromiss i samhandling med andre.
  - Sjølvhevding– Korleis ein kan hevda seg sjølv og eigne meningar på ein positiv måte? Bli med på leik og samtaler som allereie er i gang?
- Barnehagen ynskjer å leggja til rette for eit inspirerande leikemiljø som speglar barna sine interesser og kreativitet. Alle må få bidra.
- Songar og korte filmar som omhandlar vennskap, glede og positive relasjonar.
- Samarbeida tett med Samnanger folkebibliotek der barna får bøker tilpassa tema. Til dømes mobbing, vennskap og inkludering.
- Barna lagar eigne kunstverk som dei gir til ein venn.
- Bruk av god ven stempel som fremmer positive handlingar. (frå kurset: dei utrolige åra). Til dømes å trøysta nokon som er lei seg, hjelpa kvarandre, vera med nokon som står aleine, eller hjelpa nokon som har slått seg.

- Vennskapsbamsen Leo. Ein aktivitet der barna sit i ring og øver seg på å seie fine ting til kvarandre og samstundes ta imot ros frå andre. Dei personlege orda blir notert ned på eit hjerte som barna får med seg heim.

- Fokus på rettar knytt til FN sin barnekonvensjon.

*«Alle barn og unge har rett til et oppvekst- og læringsmiljø uten mobbing. FNs Barnekonvensjon slår fast at barn og unge har rett til utvikling, medvirkning, ikke-diskriminering, omsorg, beskyttelse og selvrealisering. Mobbing svekker disse rettighetene». (Hele barnet, hele løpet; mobbing i barnehagen 2015)*

- Bruk av brett spel med fokus på følelsar
- Felles turar på tvers av huset og barnehagane for å skape gode opplevingar saman.

*«Sosial kompetanse er ein føresetnad for å fungere godt saman med andre og omfattar ferdigheter, kunnskapar og haldningar som blir utvikla gjennom sosialt samspel. I barnehagen skal alle barn kunne erfare å vera viktige for fellesskapet og vera i positivt samspel med andre barn og vaksne.»(Rammeplan for barnehagen, s. 22)*

## Vaksenrolla

- Kontinuerlig observasjon med fokus på vennskap og inkludering.
- Fokus på positive handlingar i barnegruppa.
- Vera gode rollemodeller og bidra til at alle har nokon å leika med.
- Støtte barn i å setje ord på eigne grensar og samstundes respektere andre sine grenser. Rettleie barna og finne gode løysingar i konfliktsituasjoner.
- Gjennomføre barnesamtaler. Korleis opplever barnet sin kvardag i barnehagen?
- Fokus på barn sin medverknad. I eit fellesskap er alle like viktige. Kvart enkelt barn skal få muligkeit til å påverke innhaldet i barnehagen ut ifrå eigen alder og føresetnad.
- Personaelt drøftar og held seg oppdatert på forsking og faglitteratur knyta til barnehagesektoren.
- Bidra politisk, og jobbe for nok vaksne i barnehagen til å førebygga og avdekka mobbing. Barn sitt beste vil alltid vera vårt fokus.
- Me har som mål at alle barn skal føla seg sett og anerkjent for det dei er. Me bør synliggjera den enkelte sin plass og verdi i fellesskapet.
- Ta barna si opplevingsverd på alvor, og sjå på dei som likeverdige individ.  
*«det er jo tross alt ikke slik at det er barna som leker på vår arbeidsplass. Det er vi som arbeider på barnas lekeplass»* (Morten Solheim)

*«Barna skal møtas som individ, og barnehagen skal ha respekt for opplevingsverda til barnet. Barna sitt liv blir påverka av omgivnadene, men barn påverkar òg sitt eige liv. Barnehagen skal gi rom for barna sine ulike føresetnader, perspektiv og erfaringar og bidra til at barna, i fellesskap med andre, utviklar eit positivt forhold til seg sjølv og tru på eigne evner. Barn skal møtast med empati og få høve til å vidareutvikle empati og evne til å tilgi.»* (Rammeplanen for barnehagen, s.8)

## 14. Forslag til barnebøker

Kunsten å møte en bjørn	Camilla ottereid
Mathias er alene	Ingrid Lund
Vennebøker ( bokserie) Velkommen til barnehagen Modig Bursdagen	Linda Palm
Willis beste venn	Kirsten Sonne Harild Inger Tobiasen
Albert og udyret Hvem kan redde Albert	Gunilla Bergstrøm
Surpomp	Suzanne Lang
Ulla	Anna R. Folkestad
Vennskap	Bjørg Thorhallsdottir
Karsten og Petra, bestevenner	Tor Åge Brinsvær
Herman	Mette Honore
Slutt å erte	Emma Chirhester Clark
Piggtrå Pelle	Stefan Ljungqvist
Boka om å være venner	Mary Hoffman
Monsterbesøk	Aslaug Jonsdottir
Malvin og Ella	Kari Grossmann småbarn
Ingrid og Ivar	Katerina Janouch
Vær en god venn	Christine A. Adams
Fremmed Uvenner Savnet	Bendik og Kaia Brænne
Nora og bestevennen Anton	Susie Morgenstern
Gleding Feiling Undring i følelsesuniverset	Siri F. Abrahamsen
Kråka som hadde Høydeskrek	Kristin Rohde
Fire Høner og ein Hane	Lena Landstrøm
Minsten og den fine kroppen	Mervi Lindmann
Brune	Håkon Øverås
Rikki og vennene hans	Guido Van Genechten
Sint og glad i barnehagen	Solvei Raknes

## **15. Forslag til songar:**

**Være saman songane: Songane med tekstar ligg på Youtube**

<https://docplayer.me/59089013-Sanger-fra-vaere-sammen.html>

Skal vi være venner: Bjarte Leithaug

[https://www.google.com/search?q=Skal+vi+v%C3%A6re+venner&rlz=1C1GCEU\\_noNO843NO843&oq=Skal+vi+v%C3%A6re+venner&aqs=chrome..69i57j46j0l5.7387j1j7&sourceid=chrom&ie=UTF-8](https://www.google.com/search?q=Skal+vi+v%C3%A6re+venner&rlz=1C1GCEU_noNO843NO843&oq=Skal+vi+v%C3%A6re+venner&aqs=chrome..69i57j46j0l5.7387j1j7&sourceid=chrom&ie=UTF-8)

Eg blir så glad når eg ser deg.

Namnesongar

Filmar / seriar

<https://tv.nrk.no/serie/lille-store-hjerte/sesong/1/episode/3>

Velkommen til barnehagen

<https://www.youtube.com/watch?v=OGQzYmHlwml>

Bli med dansane

Dyrene i hakkebakkeskogen.

Ole brum og vennene hans

Karsten og Petra

## **16. Andre tilgjengelege ressursar:**

Kari Lamer: Sosial kompetanse; biletkort.

Grønne tanker glade barn; psykologisk førstehjelp.

**Film / serie:**

Vennskap:

<https://tv.nrk.no/serie/lille-store-hjerte/sesong/1/episode/3/avspiller>

Følelsesdoktoren: <https://tv.nrk.no/serie/fantorangen/sesong/8/episode/1/avspiller>

Vennskap mellom de yngste

<https://www.udir.no/laring-og-trivsel/stottemateriell-til-rammeplanen/film-vennskap-mellom-de-yingste-barna/>